

TILDELINGSKOMMUNE	
JOURNAL NR.	05/3918
AVD	02/1695
SAKSBEH.	OSN
16 SEPT. 2005	KOPITIL
ARK.KODE	P 122
ARK.KODE	S
PRESEDENS	KASSASJON

## AVTALE mellom

### Hordaland fylkeskommune og Museumssenteret i Salhus om rådgjevingsteneste for faste kulturminne i Nordhordland

Museumssenteret i Salhus (MiS) pliktar å halda ei stilling som konsulent for arbeidet med faste kulturminne i Nordhordland under føresetnad av fylkeskommunalt tilskot til stillinga.

#### Økonomiske føresetnader

Hordaland fylkeskommune gjev årlege løyvingar til stillinga i samsvar med vedtekte budsjett. Tilskotet er i 2005 på kr 358.333,-. Hordaland fylkeskommune tek sikte på å justera tilskotet årleg i samsvar med løns- og prisvekst.

#### Geografisk avgrensing

Stillinga skal dekkje desse kommunane:  
Austrheim – Fedje – Lindås – Masfjorden – Meland – Modalen – Radøy.

#### Arbeidsoppgåver som ligg til stillinga:

- utarbeiding av kulturminnefaglege fråsegner etter oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.
- Deltaking i fylkeskommunen sitt faglege nettverk innan bygningsvern og bygningshandverk.
- Antikvarisk rettleiing til private og organisasjonar i regionen vedrørende
  - o arbeid og med restaurering og tilrettelegging av faste kulturminne
  - o informasjon om tilskot til istandsetjing av faste kulturminne og rettleiing i utforminga av slike søknader.

#### Ansvar, prioriteringar og rapportering

Ansvar for stillinga ligg hjå Museumssenteret i Salhus i fagleg samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Forvaltingsansvaret for kulturminne ligg hjå Hordaland fylkeskommune i samsvar med lov om kulturminne.

Etableringa av ei verneteneste ved musea skal styrkje det regionale kulturminnevernet og gje museet ein aktiv rolle. Det er opp til MiS å gjera prioriteringar av arbeidsoppgåvene. Oppdrag frå Hordaland fylkeskommune skal kunne utgjera inntil 40 % av arbeidstida.

Stillinga inngår som ein del av MiS sin kompetanseoppbygging kring bygningsvern og bygningshandverk. Stillinga kan tillegast eit leiaransvar for dette arbeidet hjå museet og skal kunne ta del i formidlingsoppgåver knytt til arbeidsfeltet. Stillinga vil inngå i eit fylkeskommunalt nettverk for bygningsvern v/Kultur og idrettsavdelinga og førebels: Hardanger Museum, Sunnhordland Museum, Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Salhus og Prosjekt Bryggen.

Rapportering om arbeid og økonomi knytt til stillinga skjer som del av vanleg rapportering til Hordaland fylkeskommune og Kultur- og Kyrkjedepartementet i samsvar med eksisterande rutinar.

Avtalen gjeld ut 2008 med høve til forlenging.

Bergen 09.09.2005

Museumssenteret i Salhus  
*Atle Ove Martinussen*

Hordaland fylkeskommune  
*Ingebjørg Arntsen*